



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksbehandler:
Åshild Øritsland Våge
Telefon: 92651848
E-post: ashild.vage@gmail.com
Lars Erik Wallin
Telefon: 48150190
E-post: lars.erik.wallin@nsg.no

Vår referanse: LEW
Deres referanse: 23/1037-16

Ås, 15.09.2023

Innspel frå Norsk Sau og Geit til regjeringas arbeid med ny dyrevelferdsmelding

Framtida sine premisser for dyrevelferd

FNs årlege rapport om matsikkerheit og ernæring slår fast at ved overgangen til 2022 svalt 828 millionar menneske. Desse tala syner situasjonen før krigen i Ukraina og før årets tørke som har påverka matproduksjonen i det meste av verda. Samstundes fastslår ein ny rapport til Miljødepartementet (1) korleis klimaendringar kan påverke ikkje berre produksjon, men òg lagerbeholdning, transportsystem og anna infrastruktur i matvarekjeda. Rapporten seier vidare at det i ekstreme tilfelle kan krevje matrasjonering og i Noreg. Medan matsituasjonen i verda seier at alt av ressursar må nyttast og forvaltast til alle sitt beste, bygg ein i Noreg ned landbruket. Matproduksjonen blir sentralisert og i større grad basert på importerte ressursar. I Noreg har me lite dyrkbart areal. Skal me imøtekomme verda sitt behov for matproduksjon i framtida vil difor beitedyra bli stadig viktigare. Matproduksjon i heile landet er difor ein føresetnad og i framtida. Når me skal sjå på velferd for sau må ein ha dette som eit bakteppe, som ein premiss som set klare krav til korleis me tenker om velferd.

Dyrevelferd – eit delt ansvar

Det har vore stadig aukande fokus på dyrevelferd dei seinare åra. Dette er positivt. Samstundes har me per nå ei for dårleg avklaring av kven som har ansvaret for god dyrevelferd. Resultatet har vore at bonden blir satt i ein vanskeleg situasjon der svak økonomisk bereevne kjem i konflikt med samfunnets aukande krav. For mange bønder har dette gitt ei auka psykisk påkjenning. Som følge av sentralisering av busetjinga i Noreg har færre av forbrukarane direkte kontakt med landbruket. Dette gjev ein avstand mellom bonde og forbruker. I samband med regelendringane som kan koma i etterkant av Dyrevelferdsmeldinga er det viktig at ein adresserer korleis det offentlege, samfunnet og bonden kvar har ansvar for dyrevelferd og den gode dyrehelsesituasjonen me har i Noreg. Sjølv om næringa og bøndene sjølv er ansvarlege for dyra si velferd, må tiltak som går utover bondens økonomiske bereevne finansierast av marknad eller via offentlege bidrag. Fellesskapet er viktig for å ivareta dyrevelferd.

Manglande kunnskap om dagens status

Det er stor einigheit om at nye krav må bygge på kunnskap om dyra. Skal ein sikre velferd må ein sikre kunnskap om biologisk funksjon, om subjektiv oppleving og om naturleg liv. Samstundes held me dyr for å produsere mat. Kunnskap om velferd må difor sjåast i samanheng med kunnskap om husdyrproduksjon. Integreringa av dei ulike fagområda er avgjerande for å sikre at nye krav er praktiske og økonomisk mogleg å gjennomføre. I samband med regelendringar er det og avgjerande at dei nye krava er greidde ut med tanke på negative konsekvensar for produksjon eller struktur i landbruket. For å klare dette er me heilt avhengig av kunnskap om dagens status. Per i dag føreligger svært lite informasjon om dei økonomiske og biologiske konsekvensane av f.eks. innføring av arealkrav til småfe. Sauenæringa i Noreg er nokså unik i verdssamanheng. Låg buskapsstorleik og klimatiske tilhøve med lang innefôringsperiode gjer at me ikkje kan støtte oss på internasjonal velferdsforskning. Mange av problemstillingane me ser på som viktige har difor ikkje relevante forskingsresultat me kan nytte som støtte. Det er difor viktig at det blir prioritert midlar til forskning, og at resultat frå denne forskinga føreligg før ein kjem med omfattande krav til næringa.

Målkonfliktane i saue- og geitenæringa

Målkonflikt 1: Velferdstiltak på kostnad av norsk matproduksjon

Sett i eit globalt perspektiv er me etisk forplikta til å bidra til matproduksjon på eigne ressursar. Norsk saue- og geitenæring har likevel så låg økonomisk bereevne at velferdstiltak som medfører omfattande kostnader for bonden vil føre til at mange vel å redusere produksjonen eller legge ned drifta. Økonomien skaper dermed en konflikt mellom arbeidet med å betre dyrevelferd og behovet for matproduksjon.

Eit arealkrav som ligg langt over dagens standard er eit eksempel på korleis tiltak for å betre velferd vil gå utover matproduksjonen. Sauenæringa er den næringa med dårlegast økonomi av alle landbruksnæringane. Eit arealkrav utover det arealet bonden allereie har per dyr kan enten møtast ved å bygge eller ved å redusere dyretalet. Å bygge eit nytt hus til sau er vanskeleg å forsvare økonomisk. Eit slikt krav vil difor kunne føre til reduksjon i talet på dyr og følgjande reduksjon i produksjon. Alternativet for mange vil vera å legge om til meir ekstensiv drift, og dermed unngå kravet om hus. Med den ordninga me har i dag, vil bonden då få ein prosentvis liten reduksjon i tilskot, samtidig som omlegginga er venta å gje ei omfattande reduksjon i kor mykje sauekjøt som blir produsert. Eit kostbart arealkrav, og ei følgjande omlegging til meir ekstensiv drift, vil dermed kunne gje ei forskyving av velferdsproblematikken som regelverket då ikkje treff.

Dersom beitedyra skal vera del av løysninga på berekraftig matproduksjon på norske ressursar, er det ei føresetnad at tiltaka for å sikre dyrevelferd ikkje svekker produksjonen. Tiltaka må vera forma slik at dei sikrar ei reell betring av velferda

Målkonflikt 2: Å prioritere ned beitedyra og svekke beiteretten gjev dårleg velferd

Det norske småfeholdet, og saueholdet særskilt, er basert på å nytte dei naturgitte ressursane me har. Utan desse moglegheitene hadde det ikkje vore grunnlag for produksjon over heile landet. Næringa opplever i stadig større grad at beitinga er trua av andre interesser frå storsamfunnet og grupper som ikkje emnar å sjå heilskapen i grunnlaget for norsk matproduksjon.

Eksempel på dette er korleis beiteretten stadig blir trua av freda rovvilt, bortprioritering av beiting til fordel for jakt, hyttebygging i beiteområde eller påkøyrslar grunna manglande gjerdehold mot veg og jernbane. Dette er ytre forhold som per i dag i lager konfliktrar og fører til nedlegging. I tillegg blir velferda for dyra på beite mellom anna påverka ved auka mengde forstyrring i beiteområda slik at dyra ikkje lenger har tilstrekkeleg ro.

Skal me sikre velferd for beitedyra samstundes som me sikrar matproduksjon i Noreg, er me fullstendig avhengig av at det offentlege legg til rette for beitenæringa, og at me har ei langsiktig og føreseieleg forvaltning av landbruket og ressursane våre.

Målkonflikt 3: Effektivisering gjev tap av bruk og truer dyrevelferda

Dårleg økonomi har satt omfattande krav til effektivisering i landbruket. Den vanlegaste måten å møte dette kravet på har vore å lage større einingar. Med eit omlag konstant landbruksareal har dette, saman med dårleg økonomi, ført til ei omfattande reduksjon i talet på landbrukseiningar. Frå 1989 til 2018 melder Statistisk sentralbyrå (SSB) om ei reduksjon i talet på landbruksbedrifter på 60%. I enkelte område av landet har reduksjonen vore enda større. Sjølv om den totale produksjonen knapt har gått ned, er det knytt ein sårbarheit til å redusere talet på produksjonseiningar. Landbruket er eit fellesskap der ein treng alle bøndene for å sikre dyrevelferd. Fellesskapet er viktig fordi det samla opprettheld fagmiljø, sikrar veterinærdekning og sørger for ei fungerande avløyserarteneste.

Beitelaga er og heilt avhengig av tilstrekkeleg tal på folk for å sikre tilsyn med dyra og for å sikre at dyra kjem ned frå sommarbeite. I mange beiteområde begynner talet bønder å nærme seg ei nedre kritisk grense for å drifte utmarksbeiteområdet forsvarleg. Med nedlegging av landbrukseiningar tek ein frå bøndene kollegaer, noko som vil påverke det psykososiale arbeidsmiljøet. Fleire kollegaer, og eit godt nettverk rundt bonden, vil kunne forebygge problem, og aukar i tillegg sannsynet for at ein kan oppdage problem tidleg.

For å sikre god dyrevelferd er det avgjerande at me stopper reduksjonen i talet på driftseiningar i saueholdet.

Målkonflikt 4: God bondevelferd er nøkkelen til god dyrevelferd

Svært mykje av den generelle velferdsforskninga peikar på at den enkeltfaktoren som i størst grad påverkar dyra si velferd, er bonden sjølv. Å vera sauebonde inneber for dei fleste mange arbeidstimar, lite ferie og fritid, dårleg lønnsemd og periodar med mykje ansvar og psykisk stress. Desse faktorane gjer samla at mange bønder er i ei vanskeleg situasjon som i enkelte tilfelle går utover dyra. Svært mange av dyretragediane ein har hatt her i landet har psykisk helse vore ein bakanforliggende medverkande faktor.

Sjølv om dårleg økonomi aldri er ei unnskyldning for ikkje å stelle dyra sine, så er eit robust rammeverk rundt bonden avgjerande for at bonden skal lukkast med å ivareta dyra slik samfunnet no ventar.

Skal me sikre dyra si velferd er det avgjerande å anerkjenne bonden som nøkkelen for god velferd, og lage eit rammeverk rundt han/ho som gjer at ein kan lykkast.

Målkonflikt 5: Dyrevelferdsmessig akseptabel produksjon må kunne gje god økonomi

Skal ein kunne tene pengar som bonde er det avgjerande å sikre god produksjon på dyra. Med dagens tilskotsystem ligg fleire av tilskota på slaktelamma, og talet på slaktelam er difor ein viktige faktor for å sikre økonomien. Avlsarbeid har av enkelte vore trekt fram som eit problem då avl for høg produksjonen kjem i konflikt med dyrevelferd.

I saueproduksjonen har ekstremkull vore eit problem. Norsk Sau og Geit som avlsorganisasjon har dei seinare åra tatt omfattande grep. Det viktigaste tiltaket for å redusere førekosten av ekstremkull har vore identifisering av eit eige gen (Finnegenet), og iverksetting av obligatorisk testing for å luke vekk hanndyr med genet i dobbel dose. Sjølv om dette er medvitne val gjort i avlen vil det vera eit avlsmessig etterslep som gjer at desse uheldige variantane framleis finst i populasjonen. Dette etterslepet jobbar ein aktivt for å redusere.

Skal ein sikre god dyrevelferd er det avgjerande at ein kan lykkast økonomisk med det ein vurderer som ein dyrevelferdsmessig akseptabel produksjon. Produksjon utover det ein ser på som dyrevelferdsmessig akseptabelt må ikkje løne seg økonomisk. Næringa må sjølv ta ansvar for at dei driv ei etisk avl.

Målkonflikt 6: Produksjonsøkonomi, produksjonstilpassingar og dyrevelferd

I produksjon av geitemjølkk er det overskot av kje og for mange ikkje mogleg å fora opp kjea. Eit ledd i driftsforma er å avlive overskots-kje rett etter fødsel.

Avliving utført på anbefalt og rett måte er, slik vi ser det, ikkje ei utfordring for dyrevelferda, utover at geita ikkje får gå med avkommet.

Norsk Sau og Geit sine prioriteringar for å betre velferd hos sau

Velferd på beite

At me i Noreg har lite dyrkbart areal gjer at beitenæringa har ein viktig plass i norsk matproduksjon. Utmarksbeiting med sau og geit er del av den levande norske kulturhistoria, ei uavbrote historie som kan sporast samanhengande tilbake 4-5000 år. Sauebeiting saman med anna beiting, produserer kulturlandskap som er ønska i klimamelding og vedlikehald av det kulturhistoriske landskapet av høg estetisk verdi. Den lange beiteperioden er ein stor styrke for velferda i sauehaldet. Samstundes som den lange beiteperioden vår gjev god velferd med tanke på fridom til å utøve normalåtferd, samt ernæring, gjev den og utfordringar med tap som me ikkje kjem vekk frå. Tapet på sumarbeite er svært varierende mellom buskapane i Sauekontrollen. Rangert etter tapsprosent varierer tapet på sumarbeite frå 0 % i den beste tredjedelen til 9,3 % i den dårlegaste tredjedelen av buskapane (tal for 2021). Det er viktig for dyra si velferd at me klarar å redusere dette tapet.

Ansvar for tapet er delt mellom sauenæringa og det offentlege. Skal me klare å redusere tap på beite trengs politisk vilje til å prioritere matproduksjon på norske ressursar. Nasjonalt tilsynsprosjekt 2007 – 2010 i regi av Mattilsynet synte liten samheng mellom stellfaktorar som eigar kan påverke og dårleg velferd/store tap på beite. Dette tyder på at store tap utover det normale kjem av eksterne tilhøve der vanlege tiltak med dyra ikkje verker.

- Rovviltpolitikk

Rovviltpolitikken vert styrt av miljøforvaltninga, og er heilt utanfor beitenæringa si påverking. Politikken fører til dårleg dyrevelferd ved at beitedyra, både sau og tamrein, enkelte stader utgjer opp mot 90 prosent av rovviltet sitt næringsopptak (2).

Beitebruk er underlagt «Lov om dyrevelferd». Stortinget har gjennom ei rekke vedtak om rovviltet ønska å sikre beitedyra si velferd.

Stortinget har gjennom vedtak og uttrykt sin meining om Norsk rovviltpolitikk.

Representantforslag 163 S (2010-2011), (Rovviltforliket av 2011), pkt. 2.2.19 seier:

«...I prioriterte beiteområder skal uttak av dyr som gjør skade på beitedyr gjøres raskt, og i slike områder skal miljøforvaltningen i større grad enn i dag bidra til å effektivisere slikt uttak, uavhengig av om bestandsmålet er nådd...

...Det skal ikke være rovdyr som representerer et skadepotensial i prioriterte beiteområder for husdyr og kalvingsområde for tamrein.»

Stortingets einstemmige rovviltforlik i 2011 står i skarp kontrast til Naturmangfaldsloven, Forskrift for forvaltning av rovvilt § 9, kor ein lister ei rekke tilhøve som skal vera til stade før ein kan innvilge skadefelling. Vilrå fører til ei kraftig innstramming av moglegheitene for å få fellingsløyve, til tross for at rovviltforliket seier *skal ikkje vere*.

Norsk Sau og Geit krev at Stortinget sitt vedtak i rovviltforliket blir følgt opp av miljøforvaltninga, og at dei gjennomfører naudsynte endringar i Forskrift for forvaltning av rovvilt.

- Sikring av beiterett

Trass i at beitinga med småfe har lange tradisjonar i Noreg er beiteretten er under sterkt press, noko som svekker beitelaga og gjev ulike velferdsutfordringar for dyra.

Beitedyr som er sleppen i lovleg beiteområde beiter fritt til dei vert avgrensa av eit gjerde. Nyare forskning indikerer at det oppstår strukturer mellom dei ulike buskapane si bruk av areal. Om ein buskap ikkje lenger nyttar eit område, vil nærliggande buskapar nytte dette ledige arealet.

LNFR-områder (landbruks-, natur- og friluftsområde) har i dag ingen sikring som beiteområde. Alle reguleringsplanar i utmark har fram til i dag redusert LNFR-områda.

Områda står difor fram som uregulert område.

Beiteretten er knytt til grunneigedom, avtaler eller som en servituttrett. Plan- og bygningslovens reguleringsplanar forholdt seg i stor grad til grunneigarretten og i svært liten grad til andre retter. Kommunenens utredningsplikt manglar tydelege føringar for korleis dyrevelferda, beiteretten og andre servituttrettar skal verta behandla i plan- og utbyggingssamanheng.

Norsk Sau og Geit krev at kommunane må bli pålagt utredningsplikt når det føreligg beiterettar/servituttar i eit LNFR område som endrar status til regulert og som då gjer det ueigna som beiteområde.

- Gjerdehald

Manglande gjerder og ulovlege gjerder er noko av det Norsk Sau og Geit mottar flest saker om. Eit eksempel på slike saker er lam som har satt seg fast i lettgjerder nytta på ulovleg vis, og som blir funnet daude. Ein ser og at mange av grunneigarane som ikkje sjølv har dyr er mindre motiverte til å oppretthalde gjerdeplikta. Slike saker skaper store konflikttar og er svært vanskeleg for beitebrukerane. Landbruksmyndigheitene unngår i stor grad å ta tak i utfordringane, og let det med beitebrukare stå i konfliktane.

Norsk Sau og Geit meiner landbruksforvaltinga og Mattilsynet må sterkare inn som fagmyndigheit med fokus på gjerdehold for å sikre god dyrevelferd. Dette er nødvendig for å sikre ro i beiteareala og unngå at beitedyr ender som konfliktobjekt.

Norsk Sau og Geit ber om at landbruksmyndigheitene utarbeider en rettleiar for oppsett og bruk av lettgjerder og at seljarar blir pålagt ei informasjonsplikt ved sal av gjerdene.

- Sikring av offentlege vegar og jernbane

Påkøyrslar av dyr på veg og jernbane er eit omfattande velferdsproblem hos beitedyr. Lovverket er skrevet i ei tid kor både bil og tog var saktegåande, og det var få dyr som vart råka. Det er behov for å vurdere om Staten har tilpassingsplikt til tidsmessige endringar i høve til veg og jernbane.

Norsk Sau og Geit meiner ei lovendring der eigar av farleg verksemd har ansvaret for sikring, ville medført ei klar forbetring for velferda til beitedyra.

- Hundar i beiteområde

Talet på skader på småfe har auka etter revisjonen av hundelova, og har med det gjeve dårlegare velferd for sau på beite. Norsk Sau og Geit opplever at lovendringa og har ført til ei redusert prioritering hos Politiet. Politiet ser ut til å behandle saker med drepne sauer som følgje av lause hundar, som et privatrettsleg problem, og overlét dette til Konfliktrådet. Sauens velferd under eit hundeangrep ser ut til å bli nedprioritert framfor hundens verdi tolka etter lovendringa.

Med bakgrunn i Norsk Sau og Geit sine undersøkingar meiner me at meir enn 1000 sauer og lam er vortne drepne av hund i år. I tillegg kjem skadde dyr som døyr utan å bli funnet igjen.

Norsk Sau og Geit meiner Politiet sitt ansvar må gjerast meir tydeleg gjennom eigen forskrift til hundelova. Beitedyra sin rettssikkerheit må gjerast meir tydeleg slik at dei vert sikra mot angrepet av hundar.

- Beitedugande dyr

Skal beite vera eit velferdsgode er det naudsynt med friske og raske dyr som kan skjøtte seg sjølv og lamma sine. For å sikre velferd på fjellbeite er kunnskap om, haldningsendringar rundt og innskjerping av vurdering rundt kva eit beitedugande dyr er heilt sentralt. Dette er eit område der saueneringa har iverksett tiltak, og som me vil fortsette å setje stort fokus på for å sikre dyra.

Norsk Sau og Geit ønsker å formalisere kompetansen om beitedugande dyr i samband med kursa i Dyrevelferdsprogrammet (DVP) for sau. Dette arbeidet er allereie i gong. Norsk Sau og Geit vil arbeide for at alle som heldt sau, uavhengig av dyretal, skal måtte gjennomføre Dyrevelferdsprogrammet.

- Tilsyn og Organisert Beitebruk

Sjølv beitedugande dyr kan bli skada eller sjuke på beite. Tilsyn er difor heilt sentralt for å sikre god velferd. Tilsyn er og viktig for å oppdage tap til rovvilt eller jaging av hund. Det er stor variasjon mellom beiteområda i Norge når det gjeld tilgang, storleik, kor oversiktlege dei er og kva høve ein har for hyppig tilsyn. Uavhengig av kor lett eller vanskeleg det er å ha tilsyn på beite, må ein sikre at dyra får tilsyn. Ved behov kan elektronisk sporing og dronar vera aktuelle hjelpemiddel.

Då behovet varierer mykje mellom beiteområda, og sporingseiningane er kostbare, vil ikkje Norsk Sau og Geit anbefale at elektronisk sporing vert obligatorisk for dyr på utmark. I enkelte område er desse hjelpemidla likevel heilt naudsynte.

Organisert beitebruk er ei ordning som har som mål å legge til rette for ei meir rasjonell utnytting av utmarksbeitene og å redusere tapet av dyr på beite til et minimum. Middela som er nytta for å nå dette målet, er organisering av beitebrukerane i lag. Dei store beiteareala i Norge blir no i hovudsak drifta av slike beitelag. Den felles innsatsen frå desse beitelaga er ein av nøklane for å ivareta tilsynsbehovet gjennom heile beiteperioden, noko som er avgjerande for å sikre dyrevelferd for beitedyra.

Talet på bruk som nyttar beiteretten blir færre for kvart år. Beitedyr som blir slept innanfor lovleg beiterett kjem difor oftare over på eigedommar kor eiger sjølv ikkje driv, og ikkje lenger ønsker beiting. Dette skaper konflikhtar. Eit aukande tal på konflikhtar svekker beitelaga. Når beitelaga vert svekka reduserast og deira evne til å påverke kommunane i saker som omhandlar beitedyra og beiteretten. Dette svekker beitelaga ytterlegare.

Tiltak som forbod mot å ta inn nye medlem i beitelaga, til eksempel forbodet på Hardangervidda som følgje av CWD, er og med å svekke beitelaga. Slike forbod vil difor potensielt kunne svekke dyra sin velferd på beite.

Det er naudsynt at krava til tilsyn med sau og geit på beite må oppretthaldast slik dei er. Norsk Sau og Geit ønsker å bygge vidare på ordninga Organisert Beitebruk. Her kan langsiktige mål vera å bygge kompetanse og økonomi til å kunne ha kontinuerleg tilsyn i beitelaga. Skal ein få til dette må ein legge til rette for å halde talet på beitebrukerar oppe, og unngå utestenging av nye beitebrukerar.

Velferd i innefôringsperioden

Dei fleste sauer i Noreg er inne ein stor del av året. Dårlege oppstallingstilhøve kan gje ei rekke negative følger deriblant sår og skader på dyra, redusert liggetid, redusert moglegheit for normalåtferd, skape konfliktsituasjonar blant dyra og påverke korleis dyra får tilgang til fôrressursar. Det er difor viktig å sikre velferd ikkje berre i beiteperioden, men og i innefôringsstida.

Sau og geit har per nå ikkje eit lovfesta krav om minimumsareal per dyr. Det har likevel vore nytta eit anbefalt areal, norsk standard, på mellom 0,8-1 m² i mange år. Innovasjon Norge har avslått søknader om støtte til bygg som har overstige dette arealet med bakgrunn i at det vert for dyrt og driftskalkylane ikkje går opp. Areal per dyr har altså primært vore styrt gjennom kva bygg det blir gjeve statleg støtte til. Sjølv om det i eit nytt regelverk er ønskeleg med eit lovfesta krav, er det lite kunnskap om kva areal ein har på dei bruka som ikkje har bygd nye driftsbygningar. Me veit difor svært lite om kostnaden ved å innføre arealkrav.

Norsk Sau og Geit frykter at eit arealkrav utover det ein bygg til i dag kan få store økonomiske konsekvensar for næringa. Me er bekymra for å hamne i ei situasjon liknande den i storfenæringa, der kravet om lausdrift kan gje ei omfattande reduksjon i talet på bruk. Med økonomien i saueholdet per i dag har næringa ikkje økonomisk berevne til å imøtekomme eit krav som ligg langt over det me i dag har. Kostanden ved nye krav må difor finansierast gjennom offentlege midlar, og kan ikkje ha tilbakeverkande kraft.

Det er høvesvis lite forskning på arealbehov til sau. Dette skuldast at ein på verdsbasis knapt heldt sauen innadørs. Forsøka viser oss likevel at for lågt areal per dyr reduserer liggetid, reduserer samtidig liggemoglegheit og aukar fortrengingar blant dyra. Det er difor viktig å sikre dyra eit minimum areal der alle dyra kan ligge samstundes.

Norsk Sau og Geit ønsker at ein set eit krav til eit minimum areal som sikrar at alle dyr kan ligge samtidig.

Kor stort dette liggearealet bør vera kan vera vanskeleg å bestemme. Storleiken vil vera avhengig av kva ein definerer at dette arealet skal dekke. Baxter (3) deler plassbehov inn i statiske, dynamiske og sosiale behov. Norsk Sau og Geit meiner at det definerte liggearealet må dekke dyra sitt statiske plassbehov. Eit norsk forsøk frå 2006 (4) samanlikna korleis dyra si åtferd endra seg ved 0,5 m², 0,75 m² og 1 m² per dyr. Dette forsøket viste at gjennomsnittleg liggetid ikkje auka når arealet auka frå 0,75 m² til 1 m². Dette er eit forsøk som kan seiast å vera retta mot å finne det statiske behovet under norske tilhøve, og funna har vore med å bestemme ein norsk standard som har vore nytta i Noreg i mange år.

Kravet til minimum liggeareal bør ligge på det som har vore norsk standard, og bør følgje husdyrtilskotet, som per no er likt for alle sauer uavhengig av storleik og produksjon. Dette er viktig for å gje ein heilskapleg politikk og sørge for at ikkje velferdstiltaka reduserer produksjonen og forskyv velferdsutfordringane til eit område nye forskrifter ikkje dekker.

Vidare kan ein diskutere kort stort areal dyra treng til dynamiske og sosiale behov, og korleis desse skal dekkas. Eit norsk forsøk frå 2017 (5) syner at å auke arealet per dyr frå 0,75 m² til 1,5 m² påverka liggetid. Auka areal reduserte variasjonen i liggetid og auka tida der dyra låg samtidig. Dilemmaet når ein skal nytte denne kunnskapen i praksis er at arealkategoriene er svært grove, og gjev ikkje eit bilete på kva som er det minste arealet der ein kan oppnå desse

velferdseffektane. I tillegg er forsøket eksperimentelt, og tek ikkje omsyn til alle dei ulike faktorane som på ein gard vil påverkar velferda til dyra.

I eit norsk feltforsøk viste analysane at det var bondens indre motivasjon som i størst grad kunne seia om dyra var rolege, tilfredse og tillitsfulle i buskapen. Denne åtferda hos dyra var i dette forsøket ikkje signifikant knytt til andre variablar, som faktorar ved fjøset (6). Dette understrekar at velferd ikkje alltid kan sikrast ved eit eksakt tal på kvadratmeter per dyr, og syner kor viktig bondevelferd er. Det er difor noko me må ha med oss når me skal vurdere kva krav som gjev best effekt for å sikre god dyrevelferd.

Å auke arealet per dyr er som nemnt svært kostbart. Kostnadane er så store at eit krav på 1,5 m² kontra til dømes 1,0 m² utgjer enorme summer for næringa. Når ein veit at krav som gjev store utgifter vil føre til at mange legg ned drifta, må me i tilstrekkeleg grad vurdere det faktiske behovet for desse krava.

For å kunne vurdere behovet for krava må me ha tilstrekkeleg kunnskap:

- *Me må vite at tiltaket gjev ei betring av velferd ein ikkje kan oppnå med andre, mindre kostbare tiltak*
- *Me må vite kva som er det minste areal der ein kan oppnå dei ønska velferdseffektane.*
- *Me må ha kunnskap om korleis andre faktorar i drifta påverkar heilskapen. Norsk Sau og Geit får mange innspel om at utforminga av arealet, mellom anna bingestorleik, speler ei minst like viktig rolle som areal per dyr.*

Norsk Sau og Geit meiner det er avgjerande at det blir prioritert midlar til forskning slik me får eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag før ein fastset kostbare tiltak for næringa. Denne forskinga må vera på plass FØR ein kan fastsetje krav.

Det er eit aukande fokus på at søyene har behov for bevegelse eller mosjon.

Innefôringsperioden for sau er noko varierende rundt omkring i Noreg, men er lang nok til at sauene og i denne perioden må ha moglegheit for meir enn å berre ligge. Fleire land har satt krav om eit større areal per dyr inne for å sikre dette. Medan eit større areal kan sikre dyra meir bevegelse, og dermed dekke deler av sauene sitt dynamiske behov, kan dette knapt kallast mosjon. Her må ein altså definere kva for eit behov ein vil at skal bli dekkja før ein set krav. Bruk av uteareal er vist å ha positiv innverknad på dyra si helse, og er ein fin måte å sikre mosjon og høve til å utøve normalåtferd (7, 8, 9). For at utearealet skal vera eit velferdsgode må uteplassen tilfredsstillast krav når det gjeld til dømes underlag. Uteplassar som blir opptrakka og fuktige, kan i verste fall redusere dyra sin velferd. Svært mange ser positive effektar av å luften søyene sine om vinteren, og sikrar difor dyra mosjon sjølv om arealet inne er avgrensa. Ein viktig del av diskusjonen er og korleis ein skal samanlikne velferd for dyra på eit inneareal på t.d. 1,5 m² opp mot at dyra går ute. Her har me fått mange innspel på at det per i dag er svært ulik handsaming av dagens regelverket i Noreg. Norsk Sau og Geit sine medlemmer er svært skeptiske til at Mattilsynet praktiserer eit forbod mot å holde sau ute i til dømes Rogaland om vinteren.

Skulle det verta eit arealkrav utover eit minimum liggeareal, meiner Norsk Sau og Geit at ein må utgreie om uteareal kan dekke dette arealet. Og her treng me meir kunnskap om dyra sitt faktiske behov, og korleis ein best kan løyse dette under dei ulike klimatiske tilhøva i Noreg. I dei områda ein har klimatiske tilhøve som tillét dyra å vera ute bør det ligge omfattande forskning til grunn før Mattilsynet kan forby dyra å vera ute. I dei områda ein ikkje kan nytte uteareal på ein god måte, må ein sjå på eigne og målretta tilskot til bygg.

Det er svært mange bønder som nytter tilleggsareal i periodar der dyra treng større areal. Slike tilleggsareal kan vera alt frå reiskapshus, gamle driftsbygningar, loft eller siloar. Desse areala er ofte tungdrivne, og blir difor ikkje nytta heile året. Desse løysingane sikrar likevel god dyrevelferd for sau i Norge ved at dei blir nytta i dei utsette periodane, og gjev dyra god plass til tross for at det målbare arealet som blir nytta i lågdrekta er lågt.

Det vert etterlyst at innspela til Dyrevelferdsmeldinga skal være «praktisk og økonomisk mogleg å gjennomføre, og at ein tar omsyn til norsk klima og geografi». Skal ein klare dette er det avgjerande å halde på den fleksibiliteten som er i dag, samtidig som ein ser på spesifikke velferdsutfordringar og finn løysningar på kvert enkelt sauebruk for desse.

Utover eit krav til minimum liggeareal må krav om ytterlegare areal vera basert på kunnskapsgrunnlaget me etterlyser. Videre må dette arealet kunna tilpassast kvart enkelt bruk og til dyra sitt behov i dei ulike tider av året. På den måten kan me behalde fleksibiliteten slik den er i dag.

Det er stor forskjell på arealbehovet i ulike deler av produksjonssyklusen. Det er og ulikt arealbehov mellom dyr i buskapen. Til dømes vil ein åring som er drektig med eitt foster trenge atskilleg mindre areal enn ei voksen søye med fire fostre. Ved å avklare kva velferdsproblemstillingar ein må løyse, til dømes mosjon, auka areal i drekta til dyr med mange lam eller lammegøymmer, kan kvar enkelt bonde sjølv forklare korleis dette blir løyst på garden. Dette kan skildrast i ein velferdsplan, og gjennomgangen av ein slik plan kan leggast til Dyrevelferdsprogrammet (DVP). På denne måten kan me ha god måloppnåing utan at kostnadane ved krava gjer at me får omfattande nedlegging av bruk.

I arbeidet med ei felles haldforskrift er det komen signal om at ein ønskjer eit regelverk som er meir likt for dei ulike dyreartene. Ein må likevel spørje om det er riktig at sauene, som er ute langt over halve året, skal ha tilsvarande arealkrav som et dyreslag som lev heile livet innandørs. Her meiner me at krava må bli tilpassa heile produksjonssyklusen, og at ein i kortare periodar, som til dømes paringa, kan tolerere at sauene står på eit mindre areal.

Og når det gjeld tett underlag skil sauene seg frå både storfe og gris, ved at dei er vesentleg lettare. Mykje av problematikken med å halde tunge dyr på spaltegolv ser ein difor ikkje på sau. I undersøkingane i prosjektet «Fårebygg» (7) såg ein reduksjon i førekomsten av mastitt og callusdanningar på dyra som stod på talle. Førekomsten av halting og klauvlidingar var likevel lågare på strekkmetall. Tidlegare undersøkingar har vist at sauene berre har preferanse for golv med gunstige varmeleiingsegenskapar i ei kort periode rundt klipping (10), noko som og stemmer med seinare forskning på liggeåtferd (5). Når ein veit at langt over halvparten av buskapane i Noreg har drenerande golv vil i verste fall kostnaden ved å krevje fast underlag til sau vera langt over det ein kan vente at velferdsgevinsten er. Behovet for tett underlag til sau er for dårleg dokumentert og kostnadane ved kravet er store.

Norsk Sau og Geit meiner difor at ein ikkje bør setje krav om tett eller delvis tett underlag til sau. Kravet om tett underlag til spedlam bør oppretthaldast.

Dyreeigar sine haldningar og kunnskap

Dyreeigar sine haldningar og kunnskap har mykje å seia for dyra si velferd. Mange sauebønder kan mykje om dyra sine behov. Samtidig vert krava til næringa stadig strengare ettersom normene i samfunnet stadig endrar seg. Dette gjer at arbeidet med haldningar er ein dynamisk prosess. Krav om kurs i dyrevelferd hos sau kjem i Dyrevelferdsprogram (DVP) for sau. Dette gjelder i første omgang for buskaper med over 30 vinterfôra sau. Det er likevel svært lite krav til nyetablerte saebuskapar. Då mange av dei nyetablerte har mindre enn 30 vinterfôra sau vil ikkje DVP omfatte desse.

Norsk Sau og Geit meiner det er ønskeleg å få på plass eit kompetansekrav for å få starte med sau uavhengig av dyretal, samt at alle buskaper som heldt sau i Noreg må bli inkludert i Dyrevelferdsprogrammet.

Norsk Sau og Geit sine prioriteringar for å betre velferd hos geit

Etablering av Helseteneste for geit

Svært mykje av arbeidet med helse og velferd på sau er i regi av Helsetenesta for sau. Viktige oppgåver som Helsetenesta jobbar med er sjukdomsnedkjemping for næringa (eks. Prosjekt Friske Føtter), sjukdomsforebyggande tiltak på tvers av aktørar i næringa, kunnskapsformidling, kontakt med styresmaktene, prioritering av forskingsområde, utforming av Dyrevelferdsprogram og utarbeiding av kurs og kursinnhold. Tilsvarende helsetenester finst på storfe, svin og fjørfe. Etter at «Friskere Geiter» vart slutført har det ikkje vore ein operativ helseteneste for geit. Dette gir problem i gjennomføring av framtidige dyrevelferdsfremmande tiltak for geit. Prosjektet «Friskere Geiter» gjorde ein omfattande og viktig innsats for å sikre god helse, og dermed betring av velferda hos geita. I etterkant av prosjektet er det heilt sentralt at arbeidet blir følgt opp med systematisk overvaking. Eit stadig aukande tal på ikkje-sanerte buskarar, både ammegeit og sau, utgjer ein trussel for dei sanerte buskapane.

Overvaking og kontroll av smittesituasjonen på geit er ei sentral oppgåve for ei evt. helseteneste. Ei eventuell helseteneste må finansierast av alle geitebønder, ikkje berre mjølkebøndene. Dyreeigar sine haldningar og kunnskap har mykje å seia for dyra si velferd. Mange geitebønder kan mykje om dyra sine behov. Samtidig ser me eit aukande tal på nyetablerte buskaper. Mange av desse har for lågt kunnskapsnivå, noko som er ei trussel både for velferda til geitene i buskapane, men og for smittesituasjonen til dei sanerte buskapane som beiter i same område. Det er difor ønskeleg å få på plass eit kompetansekrav for å starte med geit, uavhengig av buskapsstorleik. Med etableringa av ei helseteneste er det naturleg at ein også på geit kjem i gong med Dyrevelferdsprogram. Gjennom dette programmet kan ein sikre kontinuerleg arbeid med kunnskap og haldningar om velferd. Eit slikt program må omfatte både mjølkebønder, ammegeitbønder og einingar med geit som landskapspleiarar.

Det bør og formaliserast kompetanse om avliving

Referanser:

1. Klimaendringar utfordrar det norske matsystemet, NIBIO rapport, vol. 8, nr.110 2002
2. NINA rapport 1200 -2015. Gaupe og jerv i reinbeiteland. Sluttrapport for Scandlynx Troms og Finnmark 2007-2014
3. Baxter S. Intensive pig production: environmental management and design. London: Granada Technical Books, 1984.
4. Bøe, K. E., Berg, S. & Andersen, I. L. 2006. Resting behaviour and displacements in ewes— effects of reduced lying space and pen shape. *Applied Animal Behaviour Science*, 98, 249-259.
5. Vik, S.G., Øyrehagen, O., Bøe, K.E., 2017. Effect of space allowance and flooring on the behavior of pregnant ewes. *Journal of Anim. Science*, 95 (5), 2032-2040. <https://doi.org/10.2527/jas.2016.1341>
6. FåreBygg: Simple winter housing systems for sheep - Consequences for health, welfare, production and economy. NFR prosjekt 225353/E40. Sluttrapport
7. Stubsjøen, S. M., Moe, R. O., Mejdell, C. M., Tømmerberg, V., Knappe-Poindecker, M., Kampen, A. H., Granquist, E. G. & Muri, K. 2022. Sheep welfare in different housing systems in South Norway. *Small Ruminant Research*, 214, 106740.
8. Tømmerberg, V., Tollersrud, T. & Johnsgard, S. 2021a. Feltforsøk: Mosjon i drektigheten *Sau og Geit*, 2/2021.
9. Tømmerberg, V., Tollersrud, T. & Johnsgard, S. 2021b. Spørreundersøkelse: effekt av mosjon i drektigheten hos sau. *Sau og Geit*, 1/2021.

10. Jørgensen, G. H. M., Johanssen, J. R. E. & Bøe, K. E. 2017. Preference in shorn sheep for different types of slatted flooring at low ambient temperatures. *Small Ruminant Research*, 153, 17-22.

Med helsing
Norsk Sau og Geit



Ronald Slemmen
styreleiar



Lars Erik Wallin
generalsekretær